



Innspurt med asfaltering i Halsabrotet fredag føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen held trass i alt kva den lovar: No (fredag) er det innspurt med asfalteringa i Halsabrotet til stor glede for oppsittarane som har venta i mange år på eit nytt og betre asfaltdekke. Der har det vore hol i hol lenge.

Entreprenøren NCC var godt i gang allereie i november, men så vart det slutt på asfalten og asfaltmannskapa lova å koma att no i desember for å ta resten av den nedre gata. Det gjer dei no.

- Svært gledeleg, her har det ikkje vore asfaltert sidan det skjedde første gong for rundt 30 år sidan, seier ein av oppsittarane til uskedalen.no.

Kommunen har nytta 2,7 millionar til asfaltering dette året. Det er meir enn vanleg og har også gjort det mogelen med ei skikkeleg asfaltsatsing også på Halsnøy.

Men i Uskedalen var det ikkje pengar nok til eit nytt afaltdekke på vegen ned til skulen og ned til Beinavikjo – på desse to strekningane vart det berre oppretting i denne omgangen.

Av Ola Matti Mathisen